

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2 e

best mogleg utnytting av dei fysiske lokala som er tilgjengelege for skulebibliotek»

Utvalsleiar Stian Davies (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 6:

I det vidare arbeidet med planen ber hovudutval for kultur, idrett og integrering rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet, jf. hovudutval for opplæring og kompetanse RS 14/20.

Nytt punkt 7:

Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåast i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 til 2 d) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Strømmen sitt forslag punkt 2 e) fekk 14 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, R, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (Pp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Davis sitt forslag punkt 6 og 7 fekk 14 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, R, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (Pp).

Innstilling til fylkestinget

1. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
2. Planen bør ha vekt på
 - a. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule
 - b. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
 - c. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
 - d. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning
 - e. best mogleg utnytting av dei fysiske lokala som er tilgjengelege for skulebibliotek
3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av bibliotektenester i Vestland fylkeskommune
4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i Avdeling kultur, idrett og inkludering og Avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast,
6. I det vidare arbeidet med planen ber hovudutval for kultur, idrett og integrering rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet, jf. hovudutval for opplæring og kompetanse RS 14/20.
7. Arbeidet med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåast i samanheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke